



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/501-8/L12	30.10.2017	133119/2017/REGULERINGSPLAN/1547	Anders Røynstrand, tlf. 71 28 02 39	15.12.2017

Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Ormen Lange gassbehandlingsanlegg, endring 01 - offentleg ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Vi har ikkje merknader til hovudgrepa i planendringa, med samanslåing av to gjeldande planar og tilpassing av reguleringsformål med heimel i gjeldande plan- og bygningslov. Vi har heller ikkje merknader til endring til industriformål for område som tidlegare har fått godkjent slikt formål gjennom dispensasjon, eller til regulering av forlegningsområde til formål hotell/overnatting. For omregulering av den gamle kvalstasjonen i området har vi merknader til formål og føresegner, som beskrive under.

Planen har fleire ulike omsynssoner som i ulik grad er synleggjort og omtalt i plankart og føresegner. Plankartet ser ut til å mangle omsynssoner for m.a. freda kulturminne og støysoner, i alle fall manglar desse i teiknforklaring slik at det er vanskeleg å orientere seg i dei ulike sonene i plankartet. Føresegnene er tilsvarende ikkje fullt ut i samsvar med plankartet, og brukar omgrep som spesialområde og vegetasjonssone som vi ikkje finn igjen i plankart/teiknforklaring. Omvendt er omsynssone «Nedslagsfelt drikkevatn» frå plankartet er ikkje omtalt i føresegnene. Plandokumenta må reviderast slik at dei blir eintydige m.o.t. til kva omsyn som gjeld og kva føresegner som er knytt til desse. Inntil vidare pliktar fylkeskommunen å reise motsegn til planforslaget på formelt grunnlag.

Automatisk freda kulturminne

Når det gjeld dei automatisk freda kulturminna innanfor området skal dei kartfestast i plankartet, og utformast føresegner, for omsynssoner som ivaretak dei kulturhistoriske verdiane. Hensynssone D (sosikode H730) er sjølve kulturminnet med femmeters sikringssone. Desse kan lastast ned frå Askeladden. Hensynssone C (sosikode H570) er ei vernesone rundt fornminnet med ein utstrekning som er bestemt av oss. I dette tilfellet skal dei spesialområda som omfattar fornminner i gjeldande plan vidareførast.

Dei gjeldande føresegnene er utdaterte og må oppdaterast til å gjelde dagens situasjon. Viser til § 7.1 Kulturminner som listar opp lokalitetar som vart utgravd under dei store arkeologiske undersøkingane før anlegget på Nyhamna vart bygd. Det må utformast nye reguleringsføresegner for Hensynssone C og D. Hensynssone C og Hensynssone D skal ha

forskjellige føresegner. Eventuell dispensasjon frå føresegnene må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune. Vi ber om at følgjande vert tatt inn i reguleringsføresegnene:

For Hensynssone C (H570); «*Gjeld hensynssone (vernesone) rundt automatisk freda kulturminne. Innanfor området skal kulturlandskapet med sin naturlege vegetasjonen takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme det freda kulturminne og det sitt verneområde eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»*

For Hensynssone D (H730); «*Området inneholder automatisk freda kulturminne. Den naturlege vegetasjonen skal takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag.. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme det freda kulturminne og det sitt verneområde eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»*

Kommunen kan ikkje godkjenne reguleringsplanen før omsynssoner og føresegner er innarbeidde.

Vi viser elles til vår uttale av 04.11.2016 og 23.05.2017 som gjeld Håneset, og føreset at våre merknader vert innarbeidd i føresegnene.

Kulturminne frå nyare tid

I vår førre uttale poengterte vi at kvalstasjonen i Nyhamna var eit teknisk kulturminne som i regional delplan for kulturminne er definert til å ha regional verdi. Vi oppmoda difor om at området vert regulert til omsynssone for bevaring av kulturmiljø og det det vart utforma planføresegner som sikra vernet. Dette er ikkje tatt til følge i det planutkastet vi no har fått til uttale.

Etter vår vurdering vil ikkje regulering til særlege landskapsomsyn utan verneføresegner gje tydelege nok føringar for forvalting av kulturminnemiljøet Nyhamna kvalstasjon. Vi vil difor be om at kvalstasjonen vert regulert til «vern av kulturmiljø eller kulturminne» (SOSI-kode 5600).

Vi vil vidare be om at eksisterande § 7.1 Kulturminner får endra tittel «Automatisk freda kulturminne» og at ein utformar ein ny § 7.2 Kulturminne nyare tid, Kvalstasjonen med følgjande ordlyd:

«Det er ikkje lov å endre, tildekke eller gjere endringar i dei bevarte restane av kulturminner på Kvalstasjonen (tankar, flensaplan og grunnmurar). Naturleg vegetasjon skal takast vare på, men landskapet kan skjøttast. Eventuelle endringar må skje i samråd med fylkeskommunens kulturavdeling.».

KONKLUSJON

Planforslaget er ikkje eintydig i plankart og føresegner når det gjeld framstilling av omsynssoner med tilhøyrande føresegner. I tillegg manglar tilstrekkeleg kartfesting av og føresegner for freda kulturminne med omsynssoner. Fylkeskommunen har på formelt grunnlag motsegn til planforslaget inntil plandokumenta er redigert.

Fylkeskommunen ber om at den gamle kvalstasjonen i Nyhamna blir regulert til «Vern av kulturmiljø eller kulturminne», eller at det i alle høve blir gitt konkrete føresegner som sikrar kulturminnet. Vi viser til føreslått ordlyd til føresegner over.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Torill Einara Nerbøvik, tlf. 71 28 03 30
Kulturminne frå nyare tid: Bygningsantikvar Christ Allan Sylthe, tlf. 71 28 03 32.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



MOTTATT

27 DES. 2017

Vår dato
19.12.2017
Dykkar dato
30.10.2017

Vår ref.
2017/3231/KREI/421.4
Dykkar ref.
2017/501-8/L12

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

AUKRA KOMMUNE	
SVNO	
Dato	02.01.18
Arkivnr.	L12
Sak. nr.	17/501-12

Aukra kommune

Reguleringsplan Ormen Lange gassbehandlingsanlegg - endring 01 Fråsegn til offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 30.10.2017, der reguleringsplan Ormen Lange gassbehandlingsanlegg blir lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i Drifts- og arealutvalet den 25.10.2017, sak 26/17. Fylkesmannen har fått utsatt høyringsfrist til 19.12.2017. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

Planendringane fører til formålsendring på fire områder slik at planen blir i samsvar med reell bruk og tidlegare dispensasjonar. Gjeldande to reguleringsplanar blir samanslått.

Natur- og miljøvern

Støy

Det kan sjå ut som om plankartet manglar omsynssone støy. Plankart, teiknforklaring og føresegner må bli samstemte for dette temaet.

Samfunnstryggleik

Fylkesmannen synest planen er mangelfull. I ROS skjema er det kryssa av for at det er risiko knytt til havnivåstigning og storulukkesverksemduan at dette er vidare omtalt i saka. Inntil det ligg føre vurderingar rundt desse har fylkesmannen **motsegn** til planen. Vi gjer merksam på at DSB kom med ny rettleiar til storulukkesverksemder i 2016.

Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn knytt til samfunnstryggleik.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:
Region midt Vidar Neraas / 71274773 17/63086-5 2017/501-8/L12 20.11.2017

Uttale til reguleringsplan for Ormen Lange gassbehandlingsanlegg, endring 01

Statens vegvesen viser til deres brev datert 30.10.2017.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vognnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av Møre og Romsdal fylkeskommune og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

Saksopplysninger

Formålet med reguleringsplanendringen er å tilpasse gjeldende reguleringsplaner etter ny plan- og bygningslov, så de sammen til en helhetlig plan, samt endre fire områder innenfor planen i henhold til faktisk bruk og tidligere vedtatte dispensasjoner.

Statens vegvesen har ut fra vårt ansvarsområde følgende merknader

Statens vegvesen har ingen merknader til de foreslalte endringene. Vi benytter anledningen til å bemerke at byggegrensen langs offentlig veg, jf. reguleringsplanens bestemmelse 2.1.1.1, synes noe liten. Med hensyn til vegenes fremtidig arealbehov og trafikkstøy ber vi om at byggegrensen innenfor arealet regulert til hotellformål økes til 30 meter fra senterlinjen til fylkesveg 220 og kommunal veg.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

Lisbeth Smørholm
Seksjonsleder

Vidar Neraas
Overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE